

	<h2 style="text-align: center;">REFERAT</h2> <p>STYREMØTE, torsdag 14. mars 2019 kl. 16-1830 STAD: Hjå Grethe L. Rudningen på Strand</p> <p>Tilstades: Grethe Larsgard Rudningen, Margarethe L'orange, Inger Grostølen, Eva-Charlotte Mørk (på telefon), og Eva Almhjell. Kasserar Ola Ruud (økonomi)</p> <p>Referat: Grethe Larsgard Rudningen, 14.3.2019</p>
Tema	Ansvar/Oppfølging
1	<p>Årsmøtet 2019 Vika.</p> <p>Møterom bestilt.</p> <p>Margarethe L'orange tek ansvaret for innkalling, annonse og påminningsnotis i Hallingdølen. Same prosedyre som i fjar.</p>
2	<p>Val 2019 – på val: Oddvar Reinton (valnemnda), Kjell Snerte og Turid Birgit Lien (vara)</p> <p>Eva Almhjell (styreleiar), Grethe Larsgard Rudningen (nestleiar), Inger Grostølen (styret)</p> <p>Oddvar Reinton tek ikkje attval. Det er styreleiaaren sitt ansvar å finne ny kandidat til valnemnda.</p> <p>Siste nytt: Brit Kaupang har sagt ja til å stille som kandidat.</p>
3	<p>Årsmelding 2018</p> <p>Eva Almhjell gjennomgikk utkast og rettar opp etter innspel frå styret, som godkjente utkastet. Margarethe L'orange les korrektur</p>
4	<p>Årshefte 2019</p> <p>Eva Almhjell la fram innhaldsoversikt. Ho lagar i tillegg eit oversyn over aktivitet i selskapet 2012-2019. Styret nøgd. Margarethe L'orange les korrektur.</p> <p>Trykking: 150 x. Same design mv. som for 2018. Eva Almhjell innhentar tilbod hjå Allkopi/Tønsberg.</p>
5	<p>OLAV SLETT-DAGEN 2019</p> <p>Eva Almhjell la fram siste utkast til program (mars 2019) og budsjettforslag. Samarbeidspartar pr. dd: Leveld Kunstnartun, ÅL Bonde- og småbrukarlag og alle biblioteka i Hallingdal. Alle informerer om dagen.</p> <p>Styret ynskjer Leveld Kunstnartun som pressekontakt saman med styreleiar Eva Almhjell.</p> <p>Siste: LKT meiner det ansvaret ligg hjå OSS.</p> <p>Styret tenker noko slags pakkemat som kan etast utan tallerken mv. og kaffe/te/vatn + frukt, nötter, kake å bite i under dagen. Styret ber Anne Kaslegard ta seg av dette.</p> <p>Økonomisk ramme på ca. 35 000. Økonomisk støtte: Søknader er sendt til SKUE, ÅL mållag, Buskerud mållag. Vi prøver fleire kjelder, som Hol mållag, Norsk Kulturråd (juni) og ÅL kommune.</p>

6	Prosjekt «Digitalisering av Sletto-arkivet «	<p>Prosjektet er gjennomført og avslutta. Nye arkiveigarar er no Olav Sletto sine etterkomrarar (10), som har avløyst det offentlege (Hol kommune) som eigar. 8 av 10 har gitt skriftleg støtte til OSS v/Eva Almhjell sitt vidare arbeid med arkivet.</p> <p>Det er den som har transkribert arkivstoffet som eig dette. All bruk av det transkriberte materialet må avtalast med den som har transkribert det, dvs. Margarethe L'orange, Eva-Cecilie Skaarberg og Eva Almhjell.</p>
7	Årsplan og budsjett for OSS 2019	Oppdatert giroblankett m. årsplan 2019 (mars) blir sendt ut saman med referat frå styremøtet 14.3.19.
8	Rekneskap 2018 og status pr. dd. 2019	<p>Kasserar Ola Ruud orienterte. Endringar som kom til blir innarbeidd til årsmøtet 26.4.19.</p> <p>Påminning om årspeng 2019 er sendt om lag 45 medlemmer i Olav Sletto-selskapet pr. snail mail 13.3.2019. Styret nøgd.</p>
9	Eventuelt:	<p>Eva Almhjell har skrive ein artikkel om Olav Sletto på www-lokalhistoriewiki.no Ho prøver få inn ein liknande artikkel i Store norske leksikon på nett.</p> <p>Eva-Charlotte Mørk tek initiativ for å prøve skapa interesse for Olav Sletto som fantasy-forfattar ved NTNU.</p> <p>Styreleiar og kasserar har laga ei 'forskarkassa' av Olav Sletto-bøker til bruk for forskarar. Den inneheld 39 bøker pr. 14.3.19 (oversikt lagt fram av Ola Ruud). Lagra hjå kasseraren.</p> <p>Styreleiar tilbyr ei orientering til Hol kommunestyre om utviklinga i Olav Sletto-selskapet etter eigarskifte av Sletto-arkivet. Siste: Mail skrive til ordføraren.</p>